

Møtebok

Sak nr.:	15/2010	Arkiv nr.:	612.1	Møtedato:	01.03.2010
Saksbehandlar:	Odd Repp				

FORSLAG TIL ENDRING AV FISKEREGLANE FOR VÅRDALEN, VISDALEN OG LEIR- OG BØVERDALEN STATSALLMENNING.
ANDRE GONGS BEHANDLING.

Sakspapir:

- Gjeldande fiskereglar for Vårdalen, Visdalen og Leir- og Bøverdalen statsallmenning.
- Prøvefiskedata.
- Fjellstyresak nr. 10/2010.

Saksutgreiing:

Fjellstyret gjorde på møte den 8.2.2010 samrøystes vedtak om leggje ut dette forslaget til endring av fiskereglane for Vårdalen, Visdalen og Leir- og Bøverdalen statsallmenning til offentleg gjennomsyn, med frist til å kome med merknader til forslaget innan den 25.2. d.å.:

” Garnfiskereglane.

På Bøvertjønnen og Leiråstjernet vert lovleg antal garn og garnstorleik sett til: 2 stk. 29 mm (22 omf.) + 1 stk. 24 mm (26 omf.) eller mindre.

Bruk av båt for utanbygdsbuande til oterfiske.

Dette vert tillate på alle vatna der utanbygdsbuande har løyve til å fiske med oter.

Fiske for barn og ungdom.

Det vert innført fritt fiske for fiske med stong eller handsnøre for ungdom inntil det kalenderåret dei fyller 20 år. Frikort skal dei kunne få utskrive hjå kortseljarane eller på fjellstyrekontoret mot framvising av aldersbevis.”

Forslaget vart samstundes sendt til vilt- og innlandsfiskenemnda, som hadde slik samrøystes uttale til forslaget:

”Lom vilt- og innlandsfiskenemnd støttar framlegget frå Lom fjellstyre om endringar i fiskereglane for Vårdalen, Visdalen og Leir- og Bøverdalen statsallmenning. Ein viser elles til saksutgreiing frå fjellstyret.”

Fjellstyret mottok ikkje andre merknader før behandlinga av saka.

Vedtak:

Fjellstyret vedtek endringane i fiskereglane foreslege i sak. nr.10/2010. Endringane vert gjort gjeldande frå den 1.5.2010.
Samrøystes.

Vedtaket vert lagt ut til offentleg ettersyn frå den 2.3.2010 med frist til å kome med merknader innan den 24.3.2010.

Møtebok

Utskrift går til:

- Lom vilt- og innlandsfiskeremnd
- Lom jeger- og fiskerforening v/Eilev Hellekveen